

Sogndal folkehøgskule som sentrum for målreisinga 1870–1900

Av Oddmund Løkensgard Hoel

Sommaren 1872 sende det fire år gamle mållaget Vestmannalaget ut tre unge karar som skulle selja landsmålsbøker og gjera målsaka kjend i vestlandsbygdene. Lars Berven i Hardanger og Per Riste på Sunnmøre kunne meldha om godt sal og god kjennskap til målsaka frå sine område. Elias Melvær måtte derimot rapportera at folk i Sunnfjord «hadde inkje høyrt nokot gjetet Maalsaki fyrr».¹ Like fullt vart Sogn og Fjordane fylket der nynorsken fyrst, sterkest og breiast slo gjennom som allment bruksspråk, og kring 1920 hadde det nye målet stort sett teke over i skule og kyrkje. Overgangen til nynorsk i presse, lokaladministrasjon og delar av næringslivet var òg i full gang. Denne artikkelen skal dreia seg om korleis målsaka kunne få så raskt gjennomslag i fylket når ho fyrst kom, og om korleis nokre aktørar frå fylket vart heilt sentrale i det nasjonale gjennombrotet for målsaka i 1880-åra. Sentralt i denne forteljinga står Sogndal folkehøgskule og den såkalla «Vadheimresolusjonen».

MÅLREISINGA

1850- og 60-åra var tida då Ivar Aasens landsmål fekk si språklege utforming, sin første litteratur og eit kulturpolitiske program. Det vesle som fanst av målmiljø, fann ein i dei største byane – Kristiania, Bergen og nokre få i Trondheim og Tromsø. På bygdene fanst det knapt målfolk før ein kjem godt uti 1860-åra.

1. Berven, Melvær og Riste 1872.

2. Haugland 1974 og 1985.

I tiåra frå 1860-åra til etter hundreårsskiftet skjedde to viktige ting, som er grundig dokumentert av målrørsle-historikar Kjell Haugland.² For det fyrste vart målsaka spreidd som ringar i vatnet utover i landet, fyrst frå dei største byane til regionale sentrum der det gjerne var lærarskular eller folkehøgskular (som Sogndal). Dette kan mange stader tidfestast til 1870- og 80-åra. Derifrå vart målsaka spreidd vidare ut i bygdene, nokre stader i 1880-åra og sterke med framveksten av den frilynde ungdomsrørsla i 1890-åra. Dei stadig fleire ungdomslaga tok

frå 1893 til å samla seg i fylkeslag (som Sogn ungdomslag, 1896) og i 1896 i landssamskipnaden Norigs ungdomslag. Dette tiåret byrja dei fyrste skulekrinsane å innføra nynorsk som opplæringsmål, og det store gjennombrotet i skulen kom i åra etter hundreårsskiftet, særleg 1907–10. Og når det fyrst tok av i Sogn og Fjordane, gjekk det fort. Ingen fylke hadde ein raskare og meir massiv overgang til nynorsk – i folkeskulen var det meste som sagt gjort kring 1920.³

Det andre som hende i perioden og som var ein føresetnad for at nynorsk kunne takast i bruk i lokalsamfunna, var det definitive rikspolitiske gjennombrotet for målsaka. Det kom i 1880- og 90-åra med jamstellingsvedtaket i 1885 og «målparagrafen» i folkeskulelovene i 1892 som dei to viktigaste hendingane. Målparagrafen gjorde det lovleg for skulestyra å ta i bruk nynorsk i lærebøker og som skriftleg opplæringsmål i folkeskulen etter å ha halde folkerøysting om spørsmålet. Noreg fekk med desse vedtaka ei svært moderne og liberal språklovgeving for si tid, og den tospråklege staten var eit faktum. Grunnprinsippa frå denne tida er framleis berebjelkane i norsk språkpolitikk.

JAMSTELLINGSVEDTAKET 1885

Den vanlege forteljinga om jamstellingsvedtaket i 1885 er om lag slik: Då Venstre og Johan Sverdrup vann kampen om statsmakta i 1884, var målsaka ei av symbolsakene for den nasjonaldemokratiske alliansen. Målfolket fekk betaling for støtta til Sverdrup då Venstre vedtok språkjamstellinga 12. mai 1885 mot Høgre sine røyster og etter fleire omfattande målordskifte i Stortinget. Det viktigaste ytre presset kom frå ein resolusjonskampanje som mållaget og forlaget Det norske Samlaget i hovudstaden hadde sett i gang i september 1884. Kampanjen resul-

terte i oppunder 50 fråsegner frå venstreforeiningar, mållag, leseforeiningar, lærarmøte og folkemøte utover i landet. På nyåret 1885 tok så 41 tingmenn med setesdølen Lars Liestøl i spissen saka inn i Stortinget med eit privat framlegg og fekk ho gjennom. Vedtaket i Stortinget 12. mai 1885 lydde slik:

Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og offisielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog.

I den store forteljinga høyrer òg Vadheimresolusjonen med. Eit amtslærarmøte i Vadheim 23. september 1884 vedtok den fyrste og münsterdannande fråsegnna i kampanjen. Me tek òg med den fulle ordlyden på Vadheimresolusjonen, som var noko lengre og meir konkret enn jamstellingsvedtaket:

1. I alle offentlige Skoler, ligesom ved Seminarierne, undervises mundtlig og skriftlig i norsk Bygdemaal.
2. De for Almueskolen autoriserede Lærebøger udgives saavel i norsk som i dansk Sprogform, og overdrages Valget til Børnenes Forældre eller Foresatte.
3. I Landsskolen foregaar al Undervisning saavidt mulig paa Modermaalet. Undervisning i dansk meddeles i dertil bestemte Timer.
4. Ved alle offentlige Examina ved Skoler, Seminarier og Universitet stilles Examinanden Valget mellem norsk og dansk.
5. En Professorpost i norsk Sprog oprettes ved Universitetet.
6. Alle offentlige Tjenestemænd faar Adgang til Brug af norsk Sprog i sin offentlige Virksomhed.

Men som Kjell Haugland har sagt det: «vi veit ikkje om Vadheimsresolusjonen vart forma ut i samråd med målmiljøet i hovudstaden».⁴ Her er altså ein ‘missing link’.

3. Grepstad 2012.

4. Haugland 1974, s. 161.

**Lil
Lærere og andre Skolens Venner i
Nordre Bergenshus Amt.**

Paa Amtslærermødet i Førde 1881 blev det besluttet, at et lignende Møde skulle afholdes igjen iaaer. Efter Konferencen med adskillige Lærere vil dette Møde afholdes noget nærmere ind paa Mitelli ihoj og antagelig i eller i Nærheden af Vadheim. Senere oplysnings herom.

De, der måtte have Emner til at forstaa til Behandling, anmedes om at sende disse til Undertegnede heilt inden 12te August, da jeg rimeligtvis efter den Lid ikke bliver hjemme for lige ind under Mødet.

Hr. Folkehøistolebestyrer H. M. Dahl har fremstilt Spørsgemaalat om Maaliagen til Behandling og allerede sendt mig Svarer til Resolution. Jeg har erholdt Hr. Dahls Tillsadeise til allereste nu at offentliggjøre Svarerne, hvort Deltagerne i Mødet paa forhaand kan have Anledning til at overveie dem, og de følger derfor vedføjet.

P. t. Nøsindal den 3tie Juli 1884.
Ansfn Nævdal.

Mesolutiu.

1. I alle offentlige stoler, ligesom ved seminarierne, indieres mundtlig og skriftlig undervisning i norsk hovedsakal.
2. De for almindelighed autoriserede lærebøger udgives haavel i norsk som i dansk sprogform, og overdrages valget til børnenes foreldre eller foresatte.
3. I landsstolene foregaar al undervisning haavel mafijt paa modersmalet. Undervisning i dansk meddeles i dertil bestemte timer.
4. Ved alle offentlige eksamina ved stoler, seminarier og universitetet fulles eksaminanden valget mellem norsk og dansk.
5. En professorforsid i norsk sprog oprettes ved universitetet.
6. Alle offentlige tjenestemænd faar adgang til brug af norsk sprog i sin offentlige virksomhed.

Innbydinga til amtslærarmøtet i Vadheim stod fyrste gong i Sogns Tidende 11. juli 1884 og vart deretter teken opp i andre aviser på Vestlandet. (De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.)

Den skal eg her prøva å fylla ut med eit kjeldetilfang som ikkje ser ut til å ha vore nytta før. Det gjeld for det fyrste det einaste bevarte eksemplaret av *Sogns Tidende* frå fyrste halvdel av 1880-åra. Det ligg i dag på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. For det andre gjeld det arkivet til Sogndal folkehøgskule som både har elevproto-kollane heilt attende til skipingsåret og ikkje minst ei omfattande brevsamling etter styraren Henrik Mohn Dahl. Dette er samstundes òg eit døme på at det kan vera fruktbart å «desentrere» blikket – sjå fenomenet frå ein annan synsvinkel enn den vanlege, i dette tilfellet frå ein lokal og regional synsvinkel framfor ein rikshistorisk.

SOGNDALSMILJØET VERT ETABLERT

Dei fyrste spora etter målfolk i Sogn og Fjordane er frå slutten av 1860-åra. Det var folk som kom frå Bergen der Vestmannalaget var skipa i 1868, eller som hadde gått på Stord seminar, der det var eit miljø av målfolk i elevflokkene frå om lag same tida. To av dei fyrste var Elias Melvær (eksamen Stord 1868), og Olav Sande (eksamen 1870). Til Sogndal kom i 1874 både Henrik Krohn og Henrik Mohn Dahl. Den nemnde turneen til Melvær i Sunnfjord sommaren 1872 er den fyrste kjende fristnaden på å introdusera målsaka og landsmålet i fylket, og han viste at iallfall Sunnfjord og truleg heile fylket låg etter dei andre delane av Vestlandet på det tidspunktet.

Det hende i mange bygder over heile landet i 1870-åra at enkelt-personar byrja å gjera seg gjeldande, men dei fekk ofte utretta lite for målsaka og vart desillusjonerte. Det er difor den lokale *institusjonaliseringa* av målsaka som verkeleg er interessant i denne fasen. Regionale sentrum for målsaka var gjerne knyttet til lærarskular (som Stord) og folkehøgskular. Sogn og Fjordane var fattig på vidaregåande skular og vanta såleis dei miljøa der målsaka fekk fotfeste andre stader i landet i 1860-åra. Men me ser òg at endringa kom raskt etter at Sogndal folkehøgskule vart grunnlagd ved årsskiftet 1870/71. Fleire andre



Sogndal folkehøgskule i 1890-åra. Den moderne og staslege hovudbygningen på Helgheim stod ferdig i 1875, finansiert av arvepengane til Henrik og Mette Mohn Dahl som kom frå ei rikmannsætt i Bergen. Helgheimstova står i dag på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Ukjend fotograf. (Sogndal folkehøgskule).

folkehøgskuleliknande tiltak med kortare levetid kom òg til i fylket på same tida. I 1870-åra kom dessutan det store gjennombrotet for vidaregåande skular i fylket med skipinga av dei offentlege amtsskulane frå 1875 og framover.

Grunnleggjar av Sogndal folkehøgskule var den energiske 25-åringen Jakob Sverdrup, teolog og presteson frå Balestrand, og særskilt viktig vart det at Henrik Mohn Dahl

kom inn som lærar frå 1874 og styrar frå 1878. Dahl var teolog, rikmannsson og presteson frå Bergen og Innvik – og glødande målmann.

I Sogn som andre stader vart dei målvenlege seminarutdanna lærarane fleire gjennom 1870-åra, og i Sogn som andre stader tok dei målsaka opp til drøfting på lærarmøte. Målsaka skal ha vorte drøfta på eit lærarmøte i

Sogndal i 1872,⁵ men det er det ikkje spor etter i samtidige kjelder – dette var to år før det byrja å koma ut aviser i Sogn og Fjordane. Det store gjennombrotet i Sogn vert av aktørane sjølvé sagt å vera eit møte i Sogns lærerforening på Skjolden sommaren 1880. Leikanger-læraren Olav Sande innleidde om målspørsmålet, fleire var skeptiske, men fleire unge lærarar tala òg varmt for målsaka.⁶

Det er uvisst om folkehøgskuleelevene hadde møtt landsmålet og målsaka i særleg grad 1871–74. Men etter at Dahl byrja som lærar i 1874, byrja nok elevane å få høyra om målsaka. Frå same året vart dessutan Dahl og fabrikkeigar Henrik Krohn nære lokale allierte i kampen for målsaka, og Krohn vart ein del av folkehøgskulemiljøet. I 1876 skal framleis berre éin av elevane ha støtta målsaka, men så kom det store gjennombrotet om ein skal tru ei samtidig avismelding, for i 1878 var visstnok berre éin elev «imot Maalet».⁷

I 1882, to år etter prostilærarmøtet på Skjolden, tok Henrik Mohn Dahl eit særsviktig initiativ som òg styrkte folkehøgskulen som samlingspunkt for allmugeskulelærarane i Sogn. I ein månad sommaren 1882 heldt folkehøgskulen det fyrste landsmålskurset i landet for allmugeskulelærarar. Deltakarlista viser at temmeleg nøyaktig 1/3 av dei 100 allmugeskulelærarane i Sogn deltok på kurset.⁸ Martinus Syltevik skreiv til Dahl då han meldte seg på at slik han «hører opfatningen blandt lærerne, har De imødekommet en trang iblandt dem. – Herren lægge sin velsignelse til gjerningen for vor stand og vor skole!»⁹ I elevprotokollen og den interne korrespondansen vert lærerkurset omtala som «lærermødet», noko som understrekar den politiske og drøftande karakteren attå opplæringsføremålet.

VADHEIMRESOLUSJONEN OG JAMSTELLINGSVEDTAKET

Planane til Dahl og målmiljøet kring han gjekk lengre enn til å驱va lokal landsmålsopplæring og agitasjon. I 1881 var det halde eit amtslærarmøte i Førde, altså eit

møte for alle lærarar i fylket, og eit nytt skulle etter planen haldast i 1884. Leiari for nemnda som stod bak møta, var læraren Anfinn Refsdal i Vik, som hadde delteke på målkurset i 1882. Våren 1884 vende Dahl seg til Refsdal og bad om at målsaka vart teken opp på det komande amtslærarmøtet. I innkallinga til møtet 11. juli er òg Dahls framlegg til resolusjon frå møtet prenta – det som med marginale endringar vart vedteke som «Vadheimresolusjonen», som Dahl truleg hadde utforma saman med Olav Sande og folkehøgskulelæraren Eirik Bruhjell.¹⁰

Møtet var i Vadheim 22.–24. september 1884 og samla kring 90 deltakarar, dei fleste allmugeskulelærarar og med ei klar overvekt frå Sogn. Dahl innleidde om målsaka, og det lange referatet i Sogns Tidende er verkeleg interessant lesnad.¹¹ Det gjer det ikkje mindre interessant at ingen av dei som har skrive om Vadheim-møtet før, ser ut til å ha lese avisreferatet som truleg no berre finst på De Heibergske Samlinger. Kort oppsummert: Tolv tala for målsaka, av dei var to tilreisande målmenn frå Bergen og ti var frå Sogn. Åtte av desse ti sogningane var allmugeskulelærarar som hadde delteke på målkurset på folkehøgskulen to år før. Ein av dei som var kritiske til målsaka, var frå Sogn, dei andre seks kom frå Sunnfjord. Her er såleis det regionale mönsteret svært tydeleg.

Var så Vadheimresolusjonen utforma i samråd med hovudstadsmiljøet? Eit brev til Dahl frå folkehøgskulelærar Eirik Bruhjell 30. august 1884 kastar eit interessant lys over denne kontakten. Bruhjell var husmannsson frå Balestrand, men var gjeven opplæring av presten Harald Ulrik Sverdrup og teken inn i prestegarden. Han fekk høye

5. Lothe 1950, s. 316 og 501.

6. Sogns Tidende, referat i spreidde nummer 30.8.–3.12.1880.

7. Fedraheimen, 30.11.1878.

8. Folkehøgskulearkivet, elevprotokollen; tal på lærarar i NOS 1884.

9. Folkehøgskulearkivet, Martinus Syltevik til Henrik Mohn Dahl 25.5.1882.

10. Sogns Tidende, 11.7.1884, sjå ovanfor s. 124.

11. Sogns Tidende, 10.10.–21.11.1884.

Stokke 30 aug 1884

Eier Dahl!

Takk for din brev, som eg i dag
vil svare på. Emo er eg i Stokke, men
neise um tra dagas vest ynd. Tek opp
i Arekøy eit par døgn før sidan
inn um Stavanger og Kauskjø til Rive
henad. September månad vil nok gå
med, fyrr eg har fått vegun min til
unders. — Her i Stokke ha eg i grunnen
ikke vært so mykje, men denne
havt hovedstasjon her. I den siste
uika ha eg slite sko so lærne mine
på Kristiania gatestein. Ja, dessin
er det råd fyrr å runna innkning.
Men det er mi eigi skuld. Sjalu fylgjelg
var det målsetki, som fekk meg av sted.
og eg gjekk flire ganger fra Herodet til
Pilatus. Karne de tru, fyrr det var mogen
legt å spora liv i leiren. Um der han
like mura paul i karanne, før framtid
visar, og me skal vona det i all fall.



Teologen Henrik Mohn Dahl (1844–1909) byrja som lærer på Sogndal folkehøgskule i 1874 og var folkehøgskulestyrar 1878–1896. Framfor nokon var det Dahl som gjora folkehøgskulen til eit pedagogisk, kulturelt og politisk senter i Sogn. Han fekk ein framståande posisjon i sogndalsamfunnet, var ordførar i åtte år og mistreivst seg gjennom ein periode på Stortinget 1889–1892 (vararepresentant 1882–1885). Ukjend fotograf. (Sogndal kommune/Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.)

Fyrste sida av brevet som Eirik Bruhjell sende til Henr Mohn Dahl 30. august 1884. Bruhjell var i Stokke i Vestfjord om sommaren og rapporterer her frå turen til Kristian, tidlegare i månaden der han hadde henta støtte i den nasjonale måleliten til fråseagna frå det komande amtslæra møtet i Vadheim. (Frå Dahls brevsamling i arkivet til Sogndal folkehøgskule, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.)

til å gå Balestrands lærerskole 1870–71 og vart hjelpt fram til universitetet og teologistudiar. Han tok embetseksamen i 1881 og var frå 1882 lærar på folkehøgskulen i Sogndal. Han hadde vorte glødande målmann i løpet av skule- og studietida.

31-åringen Bruhjell var i Kristiania sommaren 1884, og her møtte han mange av dei leiande målfolka og orienterte om planane dei hadde lagt i Sogndal. Hagbard Berner som stod bak skipinga av Det norske Samlaget i 1868, var særstak positiv – han hadde fåfengt prøvd å samla hovudstadsmålfolka til meir offensiv jobbing nokre månader før. Kyrkjeminister Elias Blix var også positiv. Han hadde sett resolusjonsframlegget i avisene og «trudde, det skulde gå godt i regjeringi».¹² Men ikkje alt gjorde Bruhjell oppløfta. Han ynskte at «det norske samlaget heretter måtte upptred[a] med meira kraft og god ordning. Det var dette, som eg prøvde å greida ein smule upp i men som eg vel inkje fekk til», rapporterte han heim til Dahl – «målsaki lid herunder» at det ikkje er nok fart i «karanne» i Kristiania. Brevet seier elles ikkje noko om at resolusjonsteksten var drøfta i hovudstaden, så den rekna nok Dahl og Bruhjell som ferdig utforma før sommaren.

Bruhjell hadde fått det rådet av Blix og Berner at resolusjonen vart sendt til Stortinget gjennom styret i Samlaget. Dahl kom med eit tilleggsframlegg om dette på Vadheimmøtet som vart vedteke saman med resolusjonen. Samlaget ekspederte i oktober saka vidare til Stortinget saman med andre resolusjonar som kom inn. Der vart saka plukka opp av dei 41 tingmennene med Lars Lie-støl i spissen, og dette la grunnen for jamstellingsvedtaket. Utover hausten og vinteren byrja så dei andre resolusjonane å strøyma inn.

Som nemnt sende Samlaget ut eit flygeskrift om målsaka i stort opplag samstundes som Vadheimmøtet vart halde, og her oppmoda Samlaget foreiningar og møte om å senda inn resolusjonar. Det lange og detaljerte brevet til

Bruhjell nemner ikkje dette tiltaket, så her er det neppe snakk om direkte samordning. Kanskje har Samlaget fått fart på seg etter at Bruhjell var i hovudstaden. Me veit i allfall at det var vedteke alt på årsmøtet i mars/april 1884 at Samlaget skulle senda ut eit slikt flygeskrift, så nokon har hatt ideen i god tid før sommaren. Avisreferatet frå årsmøtet fortel kven denne *nokon* var:¹³ Framlegget kom frå Jakob Sverdrup! Så også dette initiativet kom frå Sogn og folkehøgskulemiljøet.

Jakob Sverdrup, folkehøgskulegrunnleggjaren i Sogndal, var ingen kven som helst. Far hans, Balestrand-presten Harald Ulrik Sverdrup, var mellom dei mektigaste politikarane i Nordre Bergenhus amt og sat på Stortinget i 25 år. I 1876 gjekk stortingsplassen hans i arv til Jakob, som raskt vart den viktigaste rikspolitikaren frå amtet. Då onkel Johan Sverdrup skipa Venstre-regjeringa si i juni 1884, vart Jakob statsråd og den av alle regjeringsmedlemer som hadde sterkest innverknad på statsministeren. I vår samanheng kan me trygt slå fast at Jakob Sverdrup var målmiljøet i Sogndal sin mann på Stortinget og i regjeringa. Brevsamlina i folkehøgskulearkivet har ei rad brev frå Sverdrup til Dahl der Sverdrup gav gode råd heim til venen på folkehøgskulen og orienterte flittig om dei politiske intrigane i hovudstaden og i statsrådsavdelinga i Stockholm.

MÅLNETTVERKET I SOGN I 1880-ÅRA

Referata av dei to lærarmøta i Skjolden 1880 og Vadheim 1884 og deltakarlista for landsmålskurset i 1882 gjev til saman eit godt oversyn over kven som tilhørde nettverket av målfolk i Sogn i 1880-åra. I tillegg heldt Sogndal folkehøgskule to nye sommarkurs i landsmål for lærarar i 1885 og 1887 som det finst deltakarlistar frå. Alle namnelistene ligg på Internett, så her skal me hefta oss ved dei viktigaste aktørane.

12. Folkehøgskulearkivet, Bruhjell til Dahl 30.8.1884.

13. Fedraheimen, 5.4.1884.



Mette Dahl (1840–1907), fremst i midten til venstre, kom til Sogndal med broren Henrik og var heilt sentral både i der praktiske drifta og faglege leiinga av folkehøgskulen. Her fotografert med elevane og lærarane på folkehøgskulen i 1903. Fotograf: Andreas Mathias Anderssen. (Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.)

Om me byrjar med prostilærarmøtet på Skjolden sommaren 1880, finn me åtte lærarar og kyrkjesongarar som agiterte for målsaka alt då. Utanom innleiaren Olav Sande var det Per Urdahl (Luster) som arrangerte møtet, Jakob Bøtun (Leikanger), Olav Bjørkum (Lærdal), Ole J. Brathole (Luster), Hans Vigdal (Luster), Olaus Dahle (Lærdal) og lærar Skjong. Referatet fortel òg kven som stilte seg meir eller mindre skeptiske til målsaka i ordskiftet på møtet: Anfinn Refsdal (Vik), Sigurd Nesse (Vik), Jon Laberg (Sognadal), Jørgen Forthun, Kr. Bremer (Lærdal) og lærar Tvedt. Fleire av desse skulle seinare bli svært sentrale målfolk, noko som understrekar at fyrste halvdel av 1880-åra var ei tid då meiningsane i målspørsmålet vart forma i Sogn. Av dei skeptiske i 1880 vart både Bremer, Laberg, Nesse og Refsdal med på landsmålskurset sommaren 1882, og Refsdal kom til å spele ei svært sentral rolle både ved å setja målsaka på saklista til Vadheim-møtet i 1884, ta ordet på sjølve møtet og arbeida for målsaka både i Vik og i rikspolitikken seinare.

Jakob Bøthun og Olaus Dahle var attåt Refsdal dei to som tok ordet både på 1880- og 1884-møta. I tillegg kjem alle dei som deltok på både møta utan å ta ordet og difor ikkje vart fanga opp av avisreferata. Bøthun, Dahle og som nemnt Refsdal, var med på landsmålskurset sommaren 1882. Andre som argumenterte for målsaka på 1884-møtet og som hadde vore med på 1882-kurset, var Erling Gurvin (Kaupanger) og Anders Holen (Sogndal). Dessutan tok to lærarar frå Aurland ordet for målsaka i 1884 utan å ha vore med på 1882-kurset eller møtet i 1880: Petter A. Lie og Gjerløw.

Legg me saman alle som me veit deltok anten på møtet i 1880, kurset i 1882, møtet i 1884 eller kurset i 1885, vert det ei liste på heile 112 personar. Somme kom frå andre fylke, og me kan ikkje rekna med at alle var aktive målfolk. Likevel kan me gå ut ifrå at me her har å gjera med dei 70–90 personane som skulle bli grunn-

stammen i målarbeidet i bygdene i Sogn fram mot og etter hundreårsskiftet, alle saman knytte til miljøet kring folkehøgskulen. I tillegg kjem dei mange som gjekk vanlege folkehøgskulekurs, dei som gjekk landsmålskurset på folkehøgskulen i 1887 og målfolka som kom utanfrå.

KVIFOR VART SOGNDALSMILJØET SÅ VIKTIG?

I Sogn var folkehøgskulen hovudkvarteret, medan allmugeskulelærarane var kjernetroppane omkring i bygdene. Slik var det over mykje av landet i 1880-åra, i allfall i dei delane der målreisinga først fekk fotfeste. Frå 1864 til 1871 kom det i gang kring 17 folkehøgskular eller folkehøgskulekurs, og frå tidleg i 1860-åra til kring 1880 var det også ei rekke lærarskular i drift utover i landet, attåt dei eldre stiftsseminara. Kvifor vart då Sogndal folkehøgskule ekstra viktig, slik postulatet mitt er?

Det er fleire og samansette grunnar til det, men eg vil peika på éin faktor som må ha hatt mykje å seia, nemleg grunnlaget for folkehøgskulen. Så godt som alle andre folkehøgskular var grundtvigianske og vart gjerne drivne av teologisk radikale skulefolk – som Christopher Bruun i Gausdal og Viggo Ullmann i Agder og Seljord. Det teologiske establishment på Teologisk fakultet i Oslo, dei lågkyrkjelege rørslene og dei sentrale luthersk-ortodokse statskyrkjelege miljøa næra ei djup mistru til grundtvigianarane, som også gjerne var politisk radikale, som Viggo Ullmann.

Dei konservative teologiske miljøa hadde sine mottrekk. Teologen og indremisjonsmannen Peter Hærem skipa i 1870 ein komité, der også den mektige teologi-professoren Gisle Johnson sat, som skulle gje økonomisk støtte til folkeopplysning utan grundtvigianisme.¹⁴ Det fyrste av sju skuletiltak som fekk støtte frå Hærem-komiteen, var pietisten Jakob Sverdrup som var særskiptisk til «det grundtvigianske brus», som han sa. I Balestrand hadde faren hatt godhug for haugianismen og skapt det fyrste sentrumet for indremisjonsrørsla i Sogn.

14. Rui 1999, s. 37-38.

Det vanlege biletet me møter på bygdene sist på 1800-talet, er ein skarp kulturkonflikt mellom lekmannsrørsla og norskdomsrørsla – mellom bedehuset og ungdomshuset. Det spesielle med Sogn var derimot den tidelege *fusjonen* mellom norskdom og pietisme, og heilt sentral i dette var Sogndal folkehøgskule med sterke ideologiske røter til Balestrands lærerskole (1863–1880), skipa av pappa Sverdrup, men òg med sterk inspirasjon frå det kulturpolitiske norskdomsprogrammet i målrørsla og dei grundtvigianske folkehøgskulane.

Miljøet kring Sogndal folkehøgskule hadde det politiske hegemoniet i Sogn og stort sett i amtet i fleire tiår, og miljøet stod ikkje for nokon radikal venstrepolitikk i det store biletet. Jakob Sverdrup slutta seg noko nølande til Venstre før den avgjerande kampen om statsmakta 1880–1884, men vart ståande på den moderate, sentrumsorienterte kristeleg-konservative fløya i Venstre i lag med Lars Oftedal. Sverdrup var òg ein av leiarane då høgrefløya gjekk ut av partiet og skipa Moderate Venstre i 1888. Den teologisk stoveriene og politisk moderate profilen tilfredsstilte den vestlandske hangen til sentrums-politikk og skapte grunnlaget for to ting, for det fyrste appellen utover på bygdene der haugianarane og pietismen stod sterkt, ikkje minst i Sogn, og for det andre: pengar.

Sogndal folkehøgskule fekk gjennom støtta frå Hærem-komiteen tidleg i 1870-åra eit økonomisk grunnlag som ingen andre folkehøgskular hadde – ein retteleg flying start. Då den bekymra embetsmannsstaten i 1875 fekk Stortinget med på å etablera dei offentlege amtskulane som mottrekk til det radikale folkehøgskuleunesenet, vart det skipa ein ny amtsskule for Fjordane i Gloppe. Her vart Fjordenes amtsskole (1876) ein direkte konkurrent til folkehøgskulen som den radikale bondestudenten og målmannen Jakob Hjelmeset hadde skipa året før. Lokalpolitikarar i Gloppe tenkte seg at Hjelmeset skulle få jobb på den nye amtsskulen, men det ville ikkje det meir konservative amtsskulestyret.

Annleis gjekk det i Sogn. Her kom ingen ny amtsskule. Derimot fekk folkehøgskulen, truleg som den einaste i landet, status som amtsskule. Det sikra økonomisk tilskot frå amtstinget og var med på å gje skulen ein solid økonomi og stor rekruttering som i neste omgang gjorde det økonomisk mogleg for Dahl å skipa til lærarkurset i landsmål i 1882.

Jamføringsa med Nordfjord og Sunnfjord er slåande. Eg har alt nemnt Elias Melvær frå Balandet i Askvoll som ein av målpionerane i fylket. Han vart andrelærar på Fjordenes amtsskole då skulen vart etablert i Gloppe i 1876 og prøvde der å gjera litt av det same som Dahl dreiv med openlyst i Sogndal. Melvær tilbaud elevar friviljug opplæring i landsmål på kveldstid. Men dette var for mykje for presten i Gloppe som hadde overoppsynet, og for ordføraren og kommunen som stilte med gratis husrom, lys og ved til skulen. Det vart ein større strid i sjølvaste amtstinget i 1881 om målskulen til Melvær, som Melvær rett nok vann.¹⁵ Men det enda i 1886 med at Gloppe kommune kutta løvinga slik at skulen måtte flykta og få seg eit slags politisk asyl i Innvik. Det er interessant i vår tid med store bylgjer kring den vidaregåande skulestrukturen at det har funnest ein kommune, jamvel vertskommunen til ærverdige Firda gymnas, som har kasta ut ein vidaregåande skule av politiske grunnar.

Sogndal folkehøgskule var derimot i ein ideell posisjon: nok innanfor det gode selskap til å få økonomisk støtte, men likevel i ein privat og sjølvstendig posisjon som gjorde det vanskelegare for dei lokale styresmaktene å leggja seg opp i skuledrifta. Melvær hadde òg eit anna problem: Han var langt meir politisk radikal enn sogndals-gjengen. Jakob Sverdrup er i breva til Dahl oppteken av vallista til Venstre i Nordre Bergenshus, og våren 1884 skreiv han frå Stortinget at «Vi vil ikke have Melvær herind».¹⁶ Sverdrup ville heller ha sine eigne – moderate

15. Lothe 1950, s. 488.

16. Folkehøgskulearkivet, Sverdrup til Dahl 23.4.1884.

sogningar som lærarane Anfinn Refsdal eller Edvard Lilje-dahl, eller aller helst Henrik Mohn Dahl sjølv.

Den moderate politiske profilen gav utteljing også på riksplan i ein avgjerande fase – han la grunnen for at Jakob Sverdrup kunne få ein så sentral posisjon i rikspolitikken i fire kritiske regjeringsår, som onkel Johans høgre hand. Denne posisjonen brukte han til å utforma den landsmålsvenlege språkpolitikken til regjeringa, og Sverdrup kan med god grunn reknast som far å «målparagrafen» i folkeskulelovene. Målparagrafen fall med éi røyst då dei nye folkeskulelovene vart vedtekne i 1889, men kom inn i lova etter ein omkamp i 1892.

TIDLEG KRISTNING AV LANDSMÅLET

Historikaren Jon Tvinnereim skreiv i 1973 ein liten artikkel med den slåande tittelen «Då landsmålet vart kristna». ¹⁷ Rabulistar som Arne Garborg, Rasmus Steinsvik og Viggo Ullmann hadde gjeve landsmålet eit omdøme som «fritenkjarmålet», og Tvinnereim peikar på at målet ikkje vart stovereint i pietistiske og ortodokse lutherske miljø før åra kring hundreårsskiftet. I sosiolingvistiske termar gjekk landsmålet frå å vera *markert* – avstikkande – til å bli meir *umarkert*. I Sogn ser me denne tendensen kanskje opptil 20–30 år tidlegare enn i regionar det er rimeleg å samanlikna med. Dette er nok ein viktig faktor når ein skal forklara kvifor landsmålet, etter ein relativt sein introduksjon, kunne slå så raskt og massivt gjennom i Sogn og Fjordane.

Her i Sogn ser me at folkehøgskulen var heilt sentral i utviklinga av ein politisk kultur som skilde Sogn, og iallfall Indre Sogn, frå resten av fylket. I Indre Nordfjord rådde reine Venstre mot slutten av 1800-talet. I kyststroka og Sunnfjord dominerte dei konservative. I Sogn derimot, var den dominerande retninga den politiske pietismen som frå 1888 samla seg i partiet Moderate Venstre. Partiet

samarbeidde med Høgre gjennom fleire val i 1890-åra, men var eit bygdeparti som stod skarpt imot bypartiet Høgre i sentrale kulturspørsmål som målsaka.

I denne aktørorienterte framstillinga bør det nemnast at andre faktorar òg har spela tungt inn når ein skal forklara det raske gjennombrotet for nynorsken. Ser me strukturelt på det, kan me peika på nokre sosiale og kulturelle trekk ved Sogn og Fjordane som skapte betre vilkår for målreisinga enn andre delar av landet. Det aller viktigaste er at Sogn og Fjordane var eit fylke av bygder og mangla ein eller fleire sterke byar. Det var nettopp i byane motkretene mot landsmålet var klart sterkest. Sjølv om det var sterke riksmålsmiljø i bygder som Lærdal, Vik og Sogndal, vart dei aldri så sterke at dei greidde å motstå nynorskpresset og etablera varige riksmåsenklavar.

Likevel finn me knapt nokon vesentlege skilnader på Sogn, Sunnfjord og Nordfjord, eller Voss, Hardanger og Sunnmøre, som kan forklara Sogn si framståande rolle i 1880-åra. Såleis er det vanskeleg å koma utanom at ein vesentleg del av forklaringa på det tidlege gjennombrotet for målsaka er miljøet kring folkehøgskulen i Sogndal og aktørar som Jakob Sverdrup og Henrik Mohn Dahl. Og i alle høve skulle det ikkje vere mykje tvil om at Dahl, Jakob Sverdrup og målmiljøet i Sogn har ein vesentleg aksjepost i jamstellingsvedtaket. Dette gjer at me i ein periode i 1880-åra trygt kan snakka om Sogn som eit nasjonalt sentrum for målreisinga.

Merknad: Artikkelen er ei omarbeidd utgåve av føredrag haldne på tilstellingar av Sogndal bibliotek og Sogndal Mållag 11.2.2013 og Sogndal folkehøgskule 18.6.2013. Per Olav Bøyym, Mai-Evy Bakken og Anna Avdem skal ha ein stor takk for hjelp med å finna fram arkivtilfang og avisar.

17. Tvinnereim 1973.

• ÅRBOK FOR SOGN 2013 •

KJELDER OG LITTERATUR

- I Hoel 2011 er Sogndal folkehøgskule og Balestrands lærerskole sette inn i ein breiare samanheng der tilhøvet mellom norskdom og pietisme har fått ei omfattande handsaming. Sjå elles nærmere omtaler av fleire av dei nemnde aktørane og hendingane på lokalhistoriewiki.no.

KJELDER

- Sogndal folkehøgskules arkiv:
På Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane: Brev til H.M. Dahl
På folkehøgskulen: Elevprotokollar frå 1870 med deltakarlistar for kursa 1882, 1885 og 1887 (avskrift på lokalhistoriewiki.no)
- Fedraheimen, 1884–85 (Digital utgåve, aasentunet.no)
- Sogns Tidende, 1880–85 (De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum)

LITTERATUR

- Berven, Lars, Elias Melvær, og Per Riste. (1872). Fraa vaare Bok-Seljarar. Fraa By og Bygd, s. 218–252.
- Bondevik, Kjell (red.). (1971). Sogndal folkehøgskule i 100 år – 1871–1971. Sogndal: Skulen.
- Engesæter, Aage, og Johs B. Thue. (1988). Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom 150 år. Oslo: Samlaget.
- Grepstad, Ottar. (2012). Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012. Nynorsk kultursentrums.
- Hauge, Olav. (1905). Sogndals folkehøgskule i 35 aar. Bergen: Floor.
- Haugland, Kjell. (1974). Ei pressgruppe tek form. Målrørsla og Venstrepartiet 1883–1885. Historisk tidsskrift (nr. 2), s. 148–182.
- Haugland, Kjell. (1985). Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902. Oslo: Samlaget.
- Hoel, Oddmund L. (2011). Norsk målreising. Mål og modernisering 1868–1940. (Bd. 2). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Lothe, Anders A. (1950). Målreisingssoga i Sogn og Fjordane. Florø: Firda lærarlag m.fl.
- NOS. (1884). Beretning om skolevæsenets tilstand i kongeriget Norge for aaret 1880. Norges offisielle statistik. A. I. Kristiania: Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Rui, Odd Vidar. (1999). Folkeopplysning og kulturpolitisk strid i Telemark. Viggo Ullmann og Telemark Folkehøgskule 1878–1892. Upublisert hovudoppgåve i historie. Universitetet i Oslo.
- Sørestrand, Martinus. (1920). Olav Sande 70 aar. Ung-Norig, s. 121–127.
- Torjussen, Aslak. (1977). Den norske folkehøgskulen. Opphav og grunnlag. Oslo: Samlaget.
- Tvinnereim, Jon. (1973). Då landsmålet vart kristna. Syn og segn, s. 604–607.